



Innst. 434 S

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2010–2011)

Innstilling fra finanskomiteen om statsrekneska- pen 2010

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Hovudtrekk i finanspolitikken

1.1.1 Innleiing

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingerekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingerekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. For utgiftspostane går det òg fram overført løyving frå 2009 til 2010 og overført løyving frå 2010 til 2011. Kapitalrekneskapen syner statens egedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garantiansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og ei oppgåve over aksjar som staten eig.

I meldinga vert det gjort greie for løyvingane på statsbudsjettet og rekneskapsførte tal. Det vert lagt vekt på å forklara avvik mellom budsjett og rekneskap. I kapittel 1 vert det gjort greie for hovudelementa i budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsutgiftene og skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtala. Kapittel 2 tek føre seg områda til kvart departement for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtala, medan det i kapittel 4 er gjort greie for statens balanse og finanspostar.

I tabellane i statsrekneskapen kan det vera avvik mellom sumtala i tabellane og dei avrunda tala som

står ovanfor summane. Sumtala skal vera i samsvar med rekneskapen.

Dei samla inntektene i statsrekneskapen for 2010 er 1 064,8 mrd. kroner, medan utgiftene er 892,9 mrd. kroner. Lånetransaksjonar er då ikkje rekna med. Netto inntekter frå petroleumsverksemda i statsbudsjettet er 276,0 mrd. kroner, fordelt med 296,1 mrd. kroner i inntekter og 20,1 mrd. kroner i utgifter. Nettoinntektene frå petroleumsverksemda vart overførte til Statens pensjonsfond utland. Dei samla inntektene utanom petroleumsverksemda og lånetransaksjonar er på 768,7 mrd. kroner, medan utgiftene er på 872,7 mrd. kroner. Statsrekneskapen syner dermed eit oljekorrigert underskot på 104,1 mrd. kroner.

Ved nysalderinga av statsbudsjettet for 2010 vart det lagt til grunn eit oljekorrigert underskot på 109,4 mrd. kroner. Dette vart overført frå Statens pensjonsfond utland i tråd med budsjettvedtak i Stortinget på kapittel 5800. Statsrekneskapen for 2010 vert dermed gjort opp med eit overskot på 5,3 mrd. kroner. Utanom petroleumsverksemda vart inntektene drygt 7,4 mrd. kroner høgare og utgiftene drygt 2,1 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett 2010.

Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet for 2010 er no rekna til 112,4 mrd. kroner. Dette er om lag 36,1 mrd. kroner lågare enn anslaget i nasjonalbudsjettet 2010 og drygt 7,1 mrd. kroner lågare enn ved nysalderinga av statsbudsjettet 2010, der det strukturelle, oljekorrigerte underskotet i 2010 vart rekna til høvesvis 148,5 mrd. kroner og 119,6 mrd. kroner.

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vart 276,0 mrd. kroner, medan overføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet var 109,4 mrd. kroner, i tråd med vedtaket i nysaldert budsjett. Renteinntekter og utbyte i Statens pensjonsfond vart 90,6 mrd. kroner, fordelt med 86,1 mrd. kroner i ren-

teinntekter og utbytte i Statens pensjonsfond utland og drygt 4,4 mrd. kroner i renteinntekter og utbytte i Statens pensjonsfond Noreg. Desse inntektene inngår i samla oppstilling over statsbudsjettet og Statens pensjonsfond. Det samla overskotet i Statens pensjonsfond vart 257,1 mrd. kroner i 2010. Av dette er overskotet i Statens pensjonsfond utland 252,7 mrd. kroner. Samla sett vert statsrekneskapen og Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 262,4 mrd. kroner i 2010.

Ved utgangen av 2010 var den bokførte verdien av Statens pensjonsfond utland 3 080,9 mrd. kroner. Det er 438,9 mrd. kroner meir enn ved utgangen av 2009. Utanom overskotet på 252,7 mrd. kroner har verdien av Statens pensjonsfond utland auka med 186,1 mrd. kroner. Av dette auka netto kursvinst kapitalen i fondet med drygt 166,3 mrd. kroner og tilført kapital ved avviklinga av Statens petroleumsforsikringsfond auka kapitalen i fondet med 19,8 mrd. kroner.

Frå utgangen av 2009 til utgangen av 2010 auka kapitalen i Statens pensjonsfond Noreg med 17,8 mrd. kroner, frå 117,1 mrd. kroner til 134,9 mrd. kroner. Endringa kjem av renteinntekter og utbytte på 4,4 mrd. kroner og 13,4 mrd. kroner i samla kursvinst på aksje- og renteplasseringane.

1.1.2 Budsjettpolitikken

Eit fleirtal i Stortinget slutta seg våren 2001 til retningsliner for den økonomiske politikken som inneber at petroleumsinntektene gradvis vert fasa inn i økonomien, om lag i takt med venta realavkastning av Statens pensjonsfond utland. Budsjettpolitikken skal medverka til ei stabil utvikling i norsk økonomi. Intensjonen bak retningslinene er å syta for ein jamn auke i bruken av petroleumsinntektene til eit langsiktig forsvarleg nivå. Samstundes opnar dei for at handlefridomen som petroleumsinntektene gjev, kan brukast til å stimulera produksjon og sysselsetjing i periodar med høg og aukande arbeidsløyse. Motsett vil det vera naudsynt å halda attende i budsjettpolitikken i periodar med høg kapasitetsutnytting og presstendensar i økonomien. Bruken av petroleumsinntekter vert målt ved det strukturelle, oljekorrigerte budsjettunderskotet. Ved utrekning av dette underskotet tek ein mellom anna omsyn til at delar av statens inntekter og utgifter endrar seg med konjunkturane, og til endringar i rekneskapstilhøve.

1.1.3 Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet

Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2010 er bruken av petroleumsinntekter i 2010 no rekna til 112,4 mrd. kroner, målt ved det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Dette er om lag 36,1 mrd. kroner lågare enn anslaget i nasjonalbudsjettet 2010, der det

strukturelle, oljekorrigerte underskotet vart rekna til 148,5 mrd. kroner. Venta realavkastning av Statens pensjonsfond utland i 2010 er rekna til 105,7 mrd. kroner, eller 6,8 mrd. kroner lågare enn det strukturelle, oljekorrigerte underskotet. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet svarar til 5,8 prosent av trend-BNP for Fastlands-Noreg.

Endringar i samband med revidert nasjonalbudsjett 2010 gjorde at det strukturelle, oljekorrigerte underskotet minka med 17 mrd. kroner, til 131,5 mrd. kroner. Frå revidert nasjonalbudsjett 2010 til nysaldert budsjett for 2010 vart det strukturelle, oljekorrigerte underskotet sett ned med 11,9 mrd. kroner, til 119,6 mrd. kroner, som følgje av ny informasjon om utgiftene på statsbudsjettet og utviklinga i skatteinntektene. Det strukturelle, oljekorrigerte underskotet er no rekna til 112,4 mrd. kroner, mellom anna som følgje av høgare skatteinntekter.

1.1.4 Hovudtala i statsrekneskapen

Samla overskot i statsbudsjettet og Statens pensjonsfond minka med 12,1 mrd. kroner, frå 274,5 mrd. kroner i 2009 til 262,4 mrd. kroner i 2010. Utanom petroleumsverksemda auka inntektene med 21,3 mrd. kroner, medan utgiftene auka med 28,8 mrd. kroner. Samla sett inneber det at det oljekorrigerte underskotet auka med 7,5 mrd. kroner frå 2009 til 2010.

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda minka med 3,8 mrd. kroner, frå 279,8 mrd. kroner i 2009 til 276,0 mrd. kroner i 2010. Renteinntekter og utbytte i Statens pensjonsfond gjekk ned med 0,7 mrd. kroner, frå 91,3 mrd. kroner i 2009 til 90,6 mrd. kroner i 2010.

1.1.5 Det oljekorrigerte underskotet

Inntektsløyvingane utanom lånetransaksjonar for 2010 vart 79,6 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftsløyvingane vart 16,2 mrd. kroner lågare. Utanom petroleumsverksemda vart inntektene 31,9 mrd. kroner høgare i nysaldert budsjett enn i saldert budsjett, medan utgiftene vart 12,5 mrd. kroner lågare. Samla gav dette eit oljekorrigert underskot på 109,4 mrd. kroner i nysaldert budsjett for 2010, noko som er 44,4 mrd. kroner lågare enn i saldert budsjett.

Nedgangen i det oljekorrigerte underskotet frå saldert til nysaldert budsjett må sjåast i samanheng med ein monaleg auke i skatte- og avgiftsinntektene på 32,5 mrd. kroner, som først og fremst kjem av høgare skattar frå næringslivet enn lagt til grunn i saldert budsjett, og lågare utgifter, som stort sett kjem av lågare utgifter til folketrygda enn lagt til grunn i saldert budsjett 2010.

Budsjettutviklinga gjennom 2010 fram til nysalderinga er omtala nærare i Prop. 1 S (2010–2011)

Statsbudsjettet 2011, Meld. St. 1 (2010–2011) Nasjonalbudsjettet 2011, Prop. 125 S (2009–2010) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2010, Meld. St. 2 (2009–2010) Revidert nasjonalbudsjett 2010 og Prop. 47 LS (2010–2011) Lov om opphevelse av lov 30. mai 1986 nr. 23 om statens petroleumsforsikringsfond mv. og ny saldering av statsbudsjettet 2010.

I statsrekneskapen for 2010 er det oljekorrigerte underskotet 104,1 mrd. kroner. Dette er 5,3 mrd. kroner lågare enn i nysalderinga, jf. tabell 1.2. Utanom petroleumsverksemda vart inntektene 7,4 mrd. kroner høgare, medan utgiftene vart 2,1 mrd. kroner høgare.

Tilbakeføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet vart endeleg fastlagd i nysaldert budsjett for å dekkja det venta oljekorrigerte underskotet. På denne bakgrunnen vert statsrekneskapen for 2010 gjord opp med eit overskot på 5,3 mrd. kroner. Endringa på 5,3 mrd. kroner frå nysaldert budsjett kjem fram slik:

- Inntektene utanom petroleumsinntekter vart 7,4 mrd. kroner høgare, ei endring frå 761,2 mrd. kroner til 768,7 mrd. kroner. Inntektene frå skattar og avgifter vart 4,0 mrd. kroner høgare, medan andre inntekter til saman vart om lag 3,4 mrd. kroner høgare.
- Utgiftene utanom petroleumsverksemda vart 2,1 mrd. kroner høgare, ei endring frå 870,6 mrd. kroner til 872,7 mrd. kroner.

Medrekna i desse tala er meirinntekter og meirutgifter på knapt 2 mrd. kroner frå standardrefusjonar som ikkje vert budsjetterte med beløp på løyvingane i saldert budsjett. Dette er refusjonar frå mellom anna Arbeids- og velferdsetaten og folketrygda som heimlar meirutgifter for utgifter til arbeidsmarknadstiltak i statlege verksemdar, løn under fødsels- og adopsjonspermisjon, løn til lærlingar og løn under sjukdom. Medrekna er òg meirinntekter på 1,3 mrd. kroner på løyvingar med meirinntektsfullmakter som heimlar meirutgifter i departementa og forvaltninga. Overførte, unytta løyvingar frå 2010 til 2011 vart lågare enn overføringane frå 2009 til 2010, noko som òg medverkar til auka utgifter i rekneskapen.

ENDRINGAR I INNTEKTENE

Inntektene utan meirinntekter frå meirinntektsfullmakter og standardrefusjonar for sjukepengar o.a. vart samla sett 4,1 mrd. kroner høgare i rekneskapen enn i nysaldert budsjett. Skatte- og avgiftsinntektene vart om lag 4,0 mrd. kroner høgare, medan andre inntekter vart 0,1 mrd. kroner høgare. Av dette syner rekneskapen drygt 0,3 mrd. kroner i lågare renteinntekter, medan andre inntekter vart knapt 0,5 mrd. kro-

ner høgare. Departementa har rapportert om lag 1,3 mrd. kroner i meirinntekter på budsjettpostar som det er knytt meirinntektsfullmakter til. Mellom anna vart inntektene til Politidirektoratet, Statens vegvesen, Nasjonalt folkehelseinstitutt, Arbeids- og velferdsetaten og fylkesmannsembeta høgare enn budsjettert for 2010. Nokre departement har òg høve til å utføra oppdragsverksemd mot refusjon av utgiftene. Ut over dette omfattar netto meirinntekter under departementa mindre beløp for mellom anna ei rekkje gebyr-, sals- og leigeinntekter. Medrekna inntekter frå standardrefusjonar for sjukepengar o.a. på drygt 1,9 mrd. kroner, vart inntektene utanom lånetransaksjonar og petroleumsverksemda 7,4 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett.

ENDRINGAR I UTGIFTENE

Samla syner rekneskapen meirutgifter på 2,1 mrd. kroner samanlikna med nysaldert budsjett.

Når ein ser bort frå meirutgifter som heng saman med bruk av inntekter frå standardrefusjonar og andre meirinntektsfullmakter i departementa og forvaltninga, syner rekneskapen drygt 1,1 mrd. kroner lågare utgifter enn i nysaldert budsjett. Med i denne netto endringa ligg òg meirutgifter i 2010 knytte til at overføringane av unytta løyvingar frå 2010 til 2011 gjekk ned med om lag 1,4 mrd. kroner samanlikna med overføringane frå 2009 til 2010, jf. nærare omtale nedanfor.

Utgiftene til stønader under folketrygda vart 47 mill. kroner høgare enn anslått i nysaldert budsjett og utgiftene til momskompensasjon til kommunane vart knapt 0,2 mrd. kroner høgare. Renteutgiftene vart knapt 0,3 mrd. kroner lågare.

Utgiftene til fleire av dei regelstyrte ordningane i statsbudsjettet vart lågare enn i nysaldert budsjett. Mellom anna vart utgiftene til drift av barnehagar 350 mill. kroner lågare enn overslaget i nysaldert budsjett.

Utgifter til investeringar i helseføretaka vart drygt 0,5 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Ein av grunnane er at tomte på Gullaug i Lier ikkje vart kjøpt, og at det vart forskyvingar i byggjeprojekt ved sjukehuset i Nordland. I Prop. 35 S (2010–2011) Endringar i statsbudsjettet for 2010 under Olje- og energidepartementet vart det varsla at staten sin del av finansieringsbehovet i 2010 til investering i og driftsførebuing av teknologisenteret på Mongstad (TCM) låg an til å verta lågare enn tidlegare rekna med, og at overslaget for 2011 kunne verta høgare. På grunn av uvisse om tidspunkt for utbetaling, vart budsjettposten merkt «kan overførast» i nysaldert budsjett. Rekneskapen for 2010 syner at det vart eit mindreforbruk på drygt 0,7 mrd. kroner på budsjettposten. Utgiftene til investeringstilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar vart drygt 0,2 mrd.

kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Mindreutgiftene kjem av lågare aktivitetsnivå og at det tek lengre tid å gjennomføra prosjekta.

Utanom dei utgiftsendingane frå nysaldert budsjett til rekneskapen for 2010 som er forklarte ovanfor, er det dermed ein netto nedgang i utgiftene på knapt 0,7 mrd. kroner som fordeler seg på ei rekkje løyvingar.

Overført, unytta løyving til 2011

Frå 2009 til 2010 vart det overført unytta løyvingar, utanom lånetransaksjonar og statleg petroleumsvirksemd, på til saman 12,2 mrd. kroner, medan overførte løyvingar frå 2010 til 2011 er på 10,8 mrd. kroner. Det tilsvarar ein nedgang på om lag 1,4 mrd. kroner.

Det er særleg Samferdselsdepartementet som har nedgang i overførte løyvingar. Dei minkar med 0,9 mrd. kroner, og det gjeld stort sett løyvingar under Statens vegvesen og Jernbaneverket. Vidare minkar overføringane under Finansdepartementet med om lag 0,7 mrd. kroner. Det kjem av at det vart overført drygt 0,7 mrd. kroner til kjøp av klimakvotar frå 2009 til 2010, medan det ikkje er overført midlar til dette føremålet frå 2010 til 2011. Under Arbeidsdepartementet minkar overføringane med drygt 0,4 mrd. kroner. Dette gjeld først og fremst løyvingane til Nav, Arbeids- og velferdsetaten og arbeidsmarknadstiltak. Samla overføringar under Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet minkar med drygt 0,3 mrd. kroner, som stort sett gjeld prosjekt under Statsbygg.

Den største auken i overførte beløp finn ein under Olje- og energidepartementet og Forsvarsdepartementet. Samla aukar overføringane med drygt 0,5 mrd. kroner til handtering av CO₂ og lån til testsenteret på Mongstad, medan unytta løyvingar under Forsvarsdepartementet aukar med til saman knapt 0,6 mrd. kroner. Tabell 1.2 i vedlegg 1 syner ei meir detaljert oversikt over endra overføring per departement.

1.1.6 Veksten i utgiftene på statsbudsjettet

Den underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet skal syna utviklinga i utgiftene frå eit år til neste. Når den underliggjande veksten i utgiftene vert rekna ut, vert det korrigert for utgifter til dagpengar, renter, petroleumsvirksemda, og for einskilde rekneskapsmessige tilhøve og ekstraordinære endringar. Ved utrekninga av den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert det òg korrigert for prisendingar, slik at talet gjev uttrykk for volumendingar knytte til driftsutgiftene, investeringane og overføringane på statsbudsjettet. Nærare omtale av korleis den reelle, underliggjande veksten i utgiftene vert rekna ut, kan ein finna i kapittel 3 i nasjonalbudsjettet 2010.

I nasjonalbudsjettet 2010 var den reelle, underliggjande veksten i utgiftene på statsbudsjettet rekna til 1 3/4 prosent, medan han i nysaldert budsjett for 2010 vart rekna til 1 1/2 prosent. Med utgangspunkt i statsrekneskapen for 2010 er veksten rekna til 1 1/4 prosent. Grunnen til nedjusteringa er dels at underliggjande utgifter vart noko lågare enn venta, og dels at løns- og prisveksten i 2010 vart høgare enn venta.

1.1.7 Lånetransaksjonar og finansieringsbehov

Samanlikna med rekneskapen for 2009 har lånebehovet minka med 138,3 mrd. kroner, frå 176,3 mrd. kroner i 2009 til 38,0 mrd. kroner i 2010. Nedgangen i utlån og aksjeteikning på 94,4 mrd. kroner kjem først og fremst av Statens obligasjonsfond og Statens finansfond som kvar fekk ein kapital på 50 mrd. kroner i 2009. Dessutan har det ikkje vore utbetalt avdrag på statsgjelda i 2010, medan utgiftene til dette føremålet i 2009 var på nær 45 mrd. kroner. Endringane i gjeldsavdrag må sjåast i samanheng med avdragsprofilen på statsgjelda.

Utgiftene til utlån vart om lag 22,3 mrd. kroner lågare enn venta ved nysalderinga.

Låneavtalen for Eksportfinans vart ikkje nytta. For at Eksportfinans skulle kunna bruka låneavtalen mot slutten av året, vart det ikkje gjort framlegg om å setja ned løyvinga hausten 2010. Det er inngått avtale med den latviske staten om lån innanfor ei ramme på 378 mill. euro. Til no har den latviske staten valt å ikkje trekkja på lånemidlane som er stilte til rådvelde, Mindreutgiftene på lån frå Husbanken er om lag 9,4 prosent av løyvinga og kjem av lågare utbetaling av nye lån enn venta.

Tilbakebetalingane vart drygt 1,1 mrd. kroner høgare enn i nysalderinga.

Netto utlån vart dermed drygt 23,4 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Sidan rekneskapen syner eit overskot på 5,3 mrd. kroner, vart netto finansieringsbehov 28,7 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett.

Avdrag på innanlandsk statsgjeld vart som i nysaldert budsjett. Brutto finansieringsbehov er dermed òg 28,7 mrd. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. I 2009 var det lånetransaksjonar knytte til petroleumsvirksemda på 2,2 mrd. kroner, som først og fremst gjeld kjøp av aksjar i Statoil ASA. Lånetransaksjonar knytte til petroleumsvirksemda vert dekte ved overføring frå Statens pensjonsfond utland. Det vart ikkje rekneskapsført lånetransaksjonar knytte til petroleumsvirksemda i 2010.

1.1.8 Skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg

Statsrekneskapen for 2010 syner at dei samla inntektene frå skattar og avgifter frå Fastlands-Noreg utgjorde 713,5 mrd. kroner i 2010, ein auke på 28,8 mrd. kroner eller 4,2 prosent frå året før. Det er i stor

grad uventa høge inntekter frå skattelegging av føretak som har gjort at skatte- og avgiftsinntektene vart 36,5 mrd. kroner høgare enn i saldert budsjett for 2010. Skatte- og avgiftsinntektene vart 4,0 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett for 2010, mellom anna på grunn av auka innbetalingar frå føretak.

På grunn av finanskrisa var det venta nedgang i skatteinntektene frå føretak, men desse inntektene har auka frå 2009. Skatt frå føretak varierer mykje over tid, også målt opp mot BNP for Fastlands-Noreg. I høve til BNP har føretaksskattane auka monaleg frå tidleg i 1990-åra, mellom anna som følge av skattereforma i 1992. Medan føretaksskattane utgjorde 1 1/2–2 prosent av BNP for Fastlands-Noreg i perioden 1960–1990, har høvetalet dei siste åra auka til knapt 4 prosent. Skatteinngangen frå føretak har i uventa liten grad vorte påverka av finanskrisa og det internasjonale tilbakeslaget.

Av dei samla skatte- og avgiftsinntektene på 713,5 mrd. kroner i statsrekneskapen for 2010 utgjorde skatt på inntekt og formue 197,0 mrd. kroner, og arveavgifta utgjorde 2,4 mrd. kroner. Frå 2009 til 2010 auka inntektene frå skatt på inntekt og formue med 3,4 prosent.

Trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift utgjorde 222,4 mrd. kroner i 2010, ein auke på 1,6 prosent frå året før.

Inntektene frå meirverdiavgifta gjekk opp med 6,3 prosent, til 196,8 mrd. kroner i 2010.

Frå 2009 til 2010 gjekk andre særavgifter og tollinntekter opp med 8,2 prosent, frå 87,8 mrd. kroner til 95,0 mrd. kroner.

1.1.9 Utgifter og inntekter frå petroleumsverksemda – Statens pensjonsfond utland

Utgiftene til petroleumsverksemda skriv seg frå investeringar i statens direkte deltaking i petroleumsverksemda (SDØE) og overføringar til Statens petroleumforsikringsfond. Utgiftene til petroleumsverksemda vart i 2010 drygt 20,1 mrd. kroner, og av dei var 18,5 mrd. kroner investeringar. Inntektene frå petroleumsverksemda omfattar skatt og avgift på utvinning, aksjeutbyte frå Statoil ASA og inntekter frå SDØE. Inntektene frå SDØE er for det meste driftsresultat og kalkulatoriske avskrivningar og renter. Dei samla innbetalte skattane og avgiftene frå petroleumsverksemda og CO₂-avgifta vart 159,2 mrd. kroner i 2010. Inntektene frå SDØE vart 124,1 mrd. kroner, medan utbyte frå Statoil ASA i 2010 vart knapt 12,8 mrd. kroner. Inntektene frå petroleumsverksemda vart dermed samla 296,1 mrd. kroner i 2010. Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda, som er inntektene minus utgiftene frå petroleumsverksemda, vart dermed 276,0 mrd. kroner.

Endringar i verdien til Statens pensjonsfond utland kjem fram gjennom netto kontantstraum frå

petroleumsverksemda, overføring av midlar til statsbudsjettet og direkte avkastning av fondet ved rente- og utbyteinntekter, netto finanstransaksjonar knytte til petroleumsverksemda, og endra verdi av på eidelar i fondet. Kapitalen i Statens pensjonsfond utland auka med 438,9 mrd. kroner, frå 2 642,0 mrd. kroner ved utgangen av 2009 til 3 080,8 mrd. kroner ved utgangen av 2010.

ENDRINGAR FRÅ SALDERT BUDSJETT TIL NYSALDERT BUDSJETT

Frå saldert budsjett til nysaldert budsjett vart inntektene frå petroleumsverksemda 47,6 mrd. kroner høgare, medan utgiftene til petroleumsverksemda vart 3,7 mrd. kroner lågare. Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vart dermed drygt 51,3 mrd. kroner høgare, ein auka frå 220,4 mrd. kroner til 271,7 mrd. kroner. Anslaget for renteinntekter og utbyte i Statens pensjonsfond utland vart 20,6 mrd. kroner lågare frå saldert budsjett til nysaldert budsjett. Anslaget for overføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet, som svarar til anslaget på det oljekorrigerte budsjettunderskotet, vart 44,4 mrd. kroner lågare. Det er ein nedgang frå 153,8 mrd. kroner i saldert budsjett til 109,4 mrd. kroner i nysaldert budsjett. Samla sett innebar dette ei betring av balansen i Statens pensjonsfond utland med 75,1 mrd. kroner.

NÆRARE OM ENDRINGANE FRÅ NYSALDERT BUDSJETT TIL REKNESKAPEN

Netto kontantstraum frå petroleumsverksemda vart 276,0 mrd. kroner som er om lag 4,2 mrd. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Inntektene auka frå 292,4 mrd. kroner til 296,1 mrd. kroner, medan utgiftene minka frå 20,7 mrd. kroner til 20,1 mrd. kroner, jf. tabell 1.2. Rekneskapstala for betalte direkte skattar vart 483 mill. kroner høgare, medan betalte avgifter frå petroleumsverksemda vart 24 mill. kroner lågare enn i nysaldert budsjett. Inntektene frå petroleumsskattar og CO₂-/NO_x-avgift vart dermed 458 mill. kroner høgare enn i nysaldert budsjett. Inntektene frå statleg petroleumsverksemd og utbyte frå Statoil ASA vart 3,2 mrd. kroner høgare. Utgifter til investeringar i petroleumsverksemda vart 550 mill. kroner lågare enn i nysaldert budsjett.

STATENS PENSJONSFOND UTLAND

Det er overført 109,4 mrd. kroner frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet. Det inneber at netto overføring til Statens pensjonsfond utland for 2010 samla sett er 4,2 mrd. kroner høgare i rekneskapen enn det vart rekna med i nysalderinga. Netto kontantstraum med frådrag for overføringa frå fondet til statsbudsjettet vart dermed 166,6 mrd. kroner i 2010.

Frå nysaldert budsjett gjekk renteinntektene og utbyttet i Statens pensjonsfond utland opp frå 80,1 mrd. kroner til 86,1 mrd. kroner. Samla vart overskotet i Statens pensjonsfond utland etter nasjonalregnskapens definisjonar dermed 252,7 mrd. kroner i 2010, som er 10,3 mrd. kroner meir enn venta i nysaldert budsjett.

Ut over overskotet på 252,7 mrd. kroner syner fondet ein auke på 186,1 mrd. kroner. Av dette auka netto kursvinst fondskapitalen med drygt 166,3 mrd. kroner og tilført kapital ved avviklinga av Statens petroleumforsikringsfond auka kapitalen med 19,8 mrd. kroner. Auken på 166,3 mrd. kroner kjem av realiserte vinstar på 35,2 mrd. kroner, urealiserte vinstar på 139,6 mrd. kroner og 8,5 mrd. kroner i minka verdi av fondet grunna styrkt kronekurs.

Dette inneber at kapitalen i Statens pensjonsfond utland auka med 438,9 mrd. kroner frå 2 642,0 mrd. kroner ved utgangen av 2009, til 3 080,8 mrd. kroner ved utgangen av 2010.

Overføringa frå Statens pensjonsfond utland til statsbudsjettet over kapittel 5800 vert rekneskapsført i samsvar med stortingsvedtaket i nysaldert budsjett, medan overføringa til fondet over kapittel 2800 er tilpassa netto kontantstraum frå petroleumsvirksomheta. I kapittel 3 er det gjort nærare greie for resultat og verdiutvikling i Statens pensjonsfond utland.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Thomas Breen, Gunvor

Eldegard, Irene Johansen, Gerd Janne Kristoffersen, lederen Torgeir Micaelsen, Dag Ole Teigen og Laila Thorsen, fra Fremskrittspartiet, Ulf Leirstein, Jørund Rytman, Kenneth Svendsen og Christian Tybring-Gjedde, fra Høyre, Gunnar Gundersen, Arve Kambe og Jan Tore Sanner, fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, fra Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, fra Kristelig Folkeparti, Hans Olav Syversen, og fra Venstre, Borghild Tenden, viser til Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen. Dokument 1 er den årlige rapporten fra Riksrevisjonen til Stortinget med ekstrakt av statsregnskapet og regnskapet for administrasjonen av Svalbard, resultatet av revisjonen av disse regnskapene (regnskapsrevisjon), og resultatet av revisjonen av departementene og underliggende statlige virksomheter.

Komiteen tar meldingen til orientering.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

Meld. St. 3 (2010–2011) – om statsregnskapen 2010 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 10. juni 2011

Torgeir Micaelsen

leder og ordfører

